

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-140	19/198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2020	Formannskapet	PS	22.10.2020

Kommunal planstrategi 2020 - 2023

Forslag til vedtak:

Modalen kommune legg kommunal planstrategi 2020 – 2023 ut på høyring i 30 dagar før endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. Framlegget vert i tillegg sendt til omliggande kommunar og regionale og statlege mynde for innspel.

Saksopplysningar:

Førmålet med kommunal planstrategi er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som ein tidligere fann i plan- og bygningslova.

Planstrategien er eit grunnlag for å beslutte kva planbehov Modalen kommune har, samt ynskjer å prioritere for kommande kommunestyreperiode.

Bakgrunn

Prosessen fram til kommunal planstrategi som her ligg føre har gått føre seg sidan hausten 2019 då avgåande kommunestyre evaluerte gjeldande kommuneplan og om det var forhold som tilsa behov for revidering/ny kommunal planstrategi. Dette var innspel som nytt kommunestyre kunne ta med seg i si vurdering i arbeidet med planstrategi.

Det vart i tillegg gjennomført ei administrativ evaluering kor rådmannen konkluderte med at gjeldande kommuneplan burde vidareførast utan endringar.

Det vart gjennomført eit arbeidsmøte i planutvalet (formannskapet) 8. september 2020. Rådmannen si leiargruppa drøfta og gav sine siste innspel i leiarmøte 14.10.20.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det har gått føre seg ein god og omfattande prosess med å kome fram til framlegget som her ligg føre.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til kommunal planstrategi 2020 – 2023 vert lagt ut på høyring i 30 dagar og med endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. I tillegg skal framlegget sendast til omliggande kommunar og statlege og regionale mynde for innspel.

Formannskapet - 036/2020

FOR - behandling:

Ordførar fremma forslag om tilleggspunkt til rådmannens framlegg til vedtak: Formannskapet bed om at revisjon av kommunen sin miljøplan - klima og energi frå 2010 vert lagt inn i planstrategien i 2022.

Framlegg til vedtak med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

FOR - vedtak:

Modalen kommune legg kommunal planstrategi 2020 – 2023 ut på høyring i 30 dagar før endeleg handsaming i kommunestyret 10.12.20. Framlegget vert i tillegg sendt til omliggande kommunar og regionale og statlege mynde for innspel.

Formannskapet bed om at revisjon av kommunen sin miljøplan - klima og energi frå 2010 vert lagt inn inn i planstrategien i 2022.

Vedlegg:

Kommunal planstrategi 2020 - 2023 - til FORM 15.10.20